

Saksprotokoll

Plan- og forvaltningsutvalet 08.04.2021

Sak: 28/21

Tittel: Saksprotokoll - Behandling av klage på delvis innvilga løyve til motorferdsel i utmark

Arkivsak: 21/323

Behandling:

Utvalet legg til grunn at ledig kapasitet/ utnytting av kapasiteten, ved køyring av ved, kan nyttast til og å transportere byggematerial/verktøy og varer.

Utvalet gir løyve til inntil 8 turar for transport av ved til stølshuset.

Rådmannen si tilråding, med utviding av tal turar frå 4 til 8 til stølshuset, vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Køyring av ved på Mollandsmarki og til parkeringsplass Brunestegen:

Med heimel i motorferdselsforskrifta § 5 bokstav e vert klaga til Audun Torvaldsen teken til fylgje og Torvaldsen får løyve til transport av ved på Vetlebaten, og transport av ved frå vedteig ved Rysete til parkeringsplass ved Brunen med fylgjande vilkår:

- *Bruk av motorisert køyrety skal i all hovudsak fylgje teikna trase.*
- *Motorisert ferdsel skal ikkje skje på søndagar og helgedagar.*
- *Løyvet gjeld frå og med 8 april til 31 april 2021.*
- *Det skal visast omsyn til turgåarar og vilt. Det skal ikkje køyrast når snøtilhøva er slik at det kan verta varige spor i terrenget.*
- *Tal turar er ikkje avgrensa*
- *Dette brevet skal medbringast som dokumentasjon i høve kontroll ved fjelloppsyn, SNO eller politi.*

Køyring av ved frå skogteig 1 og 2 Brunestegen – Rysete til stølshus:

Med heimel i motorferdselsforskrifta § 6 vert klaga til Audun Torvaldsen teken til fylgje og Torvaldsen får løyve til transport av ved frå skogteig 1 og 2 ved mellom parkeringsplass ved Brunen og Rysete til stølshus med fylgjande vilkår:

- *Bruk av motorisert køyrety skal i all hovudsak fylgje teikna trase.*
- *Tal turar til stølshus er **avgrensa til 8.***
- *Motorisert ferdsel skal ikkje skje på søndagar og helgedagar.*
- *Løyvet gjeld frå og med 8 april til 31 april 2021.*
- *Det skal visast omsyn til turgåarar og vilt. Det skal ikkje køyrast når snøtilhøva er slik at det kan verta varige spor i terrenget.*
- *Dette brevet skal medbringast som dokumentasjon i høve kontroll ved fjelloppsyn, SNO eller politi.*

Køyring av byggematerial/verktøy og varer til stølshus:

Med heimel i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 5 c og § 6, vert ikkje klaga til Audun Torvaldsen teken til fylgje.

Dette er eit nytt einskildvedtak etter forvaltningsloven og kan påklagast etter gjeldande lovverk.

Saka vert sendt over til statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle.
